

Møte i Vestlandsrådet 25. februar 2021

## Program og sakliste

### Kl. 09.00 Opning

v/fylkesordfører i Møre og Romsdal og leiar i Vestlandsrådet Tove-Lise Torve

Møteleiar: Tove-Lise Torve

- Navneopprop
- Registrering av deltakarar
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av sakliste

Velkomen til, og presentasjon av, eksterne deltakarar.

### Kl. 09.15 – ca. 11.00

Del I: Temamøte om

#### Næringsliv og næringsutvikling på Vestlandet – status og utfordringar

Vestlandsrådet ønskjer å ha eit godt samarbeid med kommunane, sentrale organisasjonar og ulike fagmiljø på Vestlandet. Eit mål med dagens møte er å få fram ulike synspunkt på situasjonen for næringslivet i Vestlandfylka, og kva tiltak som kan vere viktige å iverksette for å styrke næringsutviklinga i regionen. Vestlandsrådet har gjennom sin politiske plattform som mål å vere eit samarbeids- og påverknadsorgan også overfor sentrale styresmakter.

Ut frå dette er det viktig for Vestlandsrådet å få attendemeldingar frå innleiarane på følgjande:

**Kva er forventningane dykkar til Vestlandsrådet som fylkeskommunalt samarbeidsorgan?**

ooo

**A Bykommunane presenterer seg. Kva er utfordringar og viktige satsingsområder for dei største kommunane i Vestlandfylka?**

Korte innlegg v/

- ordfører Kari Nessa Nordtun, Stavanger kommune
- ordfører Marte Mjøs Persen, Bergen kommune
- ordfører Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune

**B Koronasituasjonen og konsekvensar for næringslivet på Vestlandet – korleis er situasjonen no?**

- Innlegg v/Espen Remme, Regiondirektør NHO Møre og Romsdal

**C «Næringsstrategi for Vestlandet» – prosjekt initiert og finansiert av Vestlandsrådet**

- Innleiing om organisering, styring, etc. v/leiar i Styringsgruppa Per Vidar Kjølmoen
- Innlegg om status i prosjektarbeidet, hovedtemaer og framdrift, v/Ingvill Flo, PwC

**D Tankar og idear rundt næringsutvikling på Vestlandet – korleis ser situasjonen ut frå tankesmia Initiativ Vest AS?**

- Innlegg v/Ole Rasmus Øvretveit, daglig leder, Initiativ Vest AS

**E Brexit og konsekvensar for Vestlandet - Arbeidsutvalets arbeid med denne saka**

- Orientering ved Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland Fylkeskommune

Spørsmål og kommentarar etter kvart innlegg.

**Kl. 11.00 – 11.15      Pause**

**Kl. 11.15 – 12.30**

Del II: «Intern del» for Vestlandsrådet

**Saker til behandling**

VR sak 1-2021    Protokoll frå Vestlandsrådets møte 11.11.2020

VR sak 2-2021    Årsmelding 2020 for Vestlandsrådet

VR sak 3-2021    Rekneskap for 2020

VR sak 4-2021    Budsjett for Vestlandsrådet 2021

VR-sak 5-2021    Næringsstrategi for Vestlandet – organisering av styringsgruppe og prosessleiing

VR sak 6-2021    Rapport frå arbeid i AU hittil i 2021

VR-sak 7-2021    Referatsaker/orienteringssaker

VR-sak 8-2021    Eventuelt

Saksbehandlar:  
Dagfinn Aasen  
Sekretariatsleiar

## **VR-sak 1-2021 Protokoll frå Vestlandsrådets møte 11. november 2020**

### **Saksutgreiing:**

Vestlandsrådet hadde sitt siste møte i 2020 den 11.11.2020 (teams).

Vedlegg: Protokoll frå møte 11.11.2020.

### **Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgjande forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet godkjenner protokollen frå møtet 11.11.2020.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

# Vestlandsrådet

Saksbehandlar:

Dagfinn Aasen  
Sekretariatsleiar

## **VR-sak 2-2021 Årsmelding 2020 for Vestlandsrådet**

### **Saksutgreiing:**

Vestlandsrådet vart i 2020 leia av Vestland fylkeskommune.

Årsmeldinga for 2020 er utarbeida av Vestland fylkeskommune, v/sekretariatsleiaren. Årsmeldinga gir eit godt bilete av aktiviteten i Vestlandsrådet og underliggande organ, og viktige vedtak i 2020 gir tydelege føringar for framtidig arbeid i og for Vestlandsrådet.

Det er serleg viktig at Vestlandsrådet i 2020 vedtok ein ny og samlande politisk plattform for arbeidet i rådet. Plattformen tydeleggjer Vestlandsrådet som samfunnsaktør.

Fylkeskommunane får som følgje av prioriteringane i plattformen eit tydelegare oppfølgingsansvar for saksområder og enkeltsaker som Vestlandsrådet sjølv ikkje skal handsame.

Ei anna hovudsatsing er prosjektet Næringsstrategi for Vestlandet. At Vestlandsrådet løftar fram og finansierer ei slik satsing, i samarbeid med organisasjonar, bedrifter, kommunar, m.v. gir viktige signal også til sentrale styremakter.

Vedlegg:       Årsmelding 2020.

### **Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet godkjenner «Årsmelding 2020» for Vestlandsrådet.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

# Vestlandsrådet

## Årsmelding 2020



## Forord

# Samarbeidet på Vestlandet prega av koronapandemien

Etter regionreforma der fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane vart slått saman til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020, er det no fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal som utgjer Vestlandsrådet.

Koronapandemien har i nesten heile 2020 gjort det umogleg å gjennomføre normale fysiske møter i folkevalde organ. At det ikkje har vore mogleg med fysisk møtedeltaking har vore særleg krevande for eit folkevald organ som Vestlandsrådet. Vestlandsrådet er eit organ der samtale om felles mobilisering, initiativ og strategiutforming kanskje er viktigare enn å handsame saker med votering og vedtak.

På tross av koronapandemien, eller kanskje på grunn av den, har Vestlandsrådet gjennomført fleire formelle møter enn vanleg, med god og engasjert deltaking blant dei faste medlemene, der særleg næringsområdet har vore sentralt. Dette førte også til ei spissing av næringsfokuset i den reviderte politiske plattformen.

Vestlandsrådet sitt næringsfokus har i 2020 vore breitt, både med tanke på negative konsekvensar for næringsliv og bransjar som følgje av koronapandemien og behovet for framtidig omstilling til berekraftig vekst og verdiskaping i landsdelen. Reiselivsnæringa har på fleire møter rapportert om status og utfordringar i ein bransje der omsetning og inntjening er kraftig redusert etter bortfall av utanlandske gjester og reisande.

Det er gledeleg at Vestlandsrådet har sett i gang eit arbeid for utforming av ein overordna næringsstrategi, der blikket i hovudsak skal rettast mot nasjonale rammevilkår, og tiltak tilpassa behova for framtidig næringsutvikling og sysselsetting på Vestlandet. Med denne næringsstrategien kan landsdelen bli endå tydelegare og presis på forventingar til nasjonale styresmakter sin næringspolitikk. Vestlandet er nasjonens skattkammer og sikrar viktige eksportinntekter til nasjonaløkonomien.

Som leiar av rådet i 2020, er det og gledeleg at den politiske plattformen for Vestlandsrådet 2020-2023, med fylkeskryssande satsingsområder kom på plass på tampen av året. Denne plattformen gir retning for aktiviteten i rådet i inneverande valperiode, og administrasjonen kan innrette sine ressursar på ein meir treffsikker måte.

Vestlandsrådet har og uttalt og markert våre felles transportprioriteringar i Nasjonal transportplan 2022-2033. Det er kanskje på samferdselsområdet vi står sterkast sammen og ikkje minst fått løfta fram opprusting og ferjefri E39 som ei nasjonal prioritering og satsing. Dette er eit gjennomgåande vegsamband som er svært viktig for verdiskapinga langs vestlandskysten. Det vil alltid vere ei viktig oppgåve for Vestlandsrådet å flagge satsing på E39 høgt, saman med rassikring, ferje- og snøggåtdrift og vedlikehald av fylkesvegnettet.



Jon Askeland

Leiar av Vestlandsrådet 2020

## 1.0 Om Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har i 2020 bestått av følgjande medlemmer;

Fylkeskommune	Faste medlemmer	Varamedlemmer
Vestland	Jon Askeland, Sp	1. Aleksander Øren Heen, Sp 2. Jenny Følling, Sp 3. Sigrid Brattabø, Sp
Vestland	Natalia Antonia Golis, MDG	1. Gunhild Berge Stang, V 2. Mark Taylor, MDG 3. Pauline Tomren, MDG
Vestland	Anne Gine Hestetun, A	1. Arve Helle, A 2. Kine Brattli Dali, A 3. Emil Gadolin, A
Vestland	Trude Brosvik, KrF	1. Tor André Ljosland, KrF 2. Marthe Hammer, SV 3. Kristina Vakt skjold Hamre, KrF
Vestland	Silja Ekeland Bjørkly, H	1. Noralv Distad, H 2. Svein Kolbein Halleraker, H 3. Hanne Eva Husebø Kristensen, H
Vestland	Terje Sjøviknes, Frp	1. Knut Inge Andersen, FNB 2. Sigbjørn Framnes, Frp 3. Hege Dale, FNB
Rogaland	Marianne Chesak, A	1. Kjartan Alexander Lunde, V 2. Tom Kalsås, A 3. Hanne Marte Vatnaland, Sp 4. Jonas Andersen Sayed, KrF 5. Susanne Heart, MDG 6. Inghild Vanglo, Ap
Rogaland	Solveig Ege Tengesdal, KrF	
Rogaland	Arne Bergsvåg, Sp	
Rogaland	Alexander Rugert-Raustein, MDG	1. Frode Myrhol, FNB 2. Elin Schanche, H 3. Pål Morten Borgli, Frp 4. Inger Merethe Bjerkreim, H
Rogaland	Ole Ueland, H	
Rogaland	Margarete Dysjaland, Frp	
Møre og Romsdal	Tove-Lise Torve, A	Line Hatmosø Hoem, Ap
Møre og Romsdal	Per Vidar Kjølmoen, A	Jakob Vorren, Ap
Møre og Romsdal	Randi Walderhaug Frisvoll, KrF	Bjarne Kvalsvik, UVS
Møre og Romsdal	Frank Sve, Frp	Anne Marie Fiksdal, Frp
Møre og Romsdal	Anders Riise, H	Monica Molvær, H
Møre og Romsdal	Jan Ove Tryggestad, Sp	Elisabeth Jørgenvåg, NML

Ole Ueland (H), Rogaland fylkeskommune, hadde foreldrepermisjon fram til over sommaren 2020. Frode Myrhol (FNB), Rogaland fylkeskommune, møtte som vararepresentant i denne perioden.

Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, har hatt leiarvervet i Vestlandsrådet i 2020.

Fylkesrådmann Rune Haugsdal, Vestland fylkeskommune har innstilt i saker til Vestlandsrådet, og sekretariatet har vore leia av seniorrådgjevar Thorbjørn Aarethun, Vestland fylkeskommune.

Det har vore gjennomført 5 fjernmøter i Vestlandsrådet, der i alt 21 politiske saker har vore handsama. Arbeidsutvalet (AU) med dei tre fylkesordførarane har hatt til saman 7 møter.

## **2.0 Viktige saker i Vestlandsrådet 2020**

### **2.1 Tilbakeføring av enkeltprosjekt for prosjektsamarbeid i regi av fylkeskommunane**

I den vedtekne samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet framgår det at enkeltprosjekt som hovudregel skal gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylka.

I samsvar med samarbeidsavtalen, har Vestlandsrådet vedteke å avslutte sitt direkte engasjement i aktuelle enkeltprosjekt med oppmoding om vidareføring av arbeidet som prosjektsamarbeid i regi av fylkeskommunane. Dette omfattar følgjande prosjektarbeid;

#### **2.1.2 Marin forsøpling**

På møte i Vestlandsrådet, 10.september 2020, vart det vedteke å godkjenne den framlagde sluttrapporten og strategien for å redusere marin forsøpling «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet». Vestlandsrådet oppfordra Vestland fylkeskommune til å initiere eit vidare prosjektsamarbeid om tiltak mot marin forsøpling som ei felles koordinert satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklare roller, mål og finansiering av ei eventuell vidareføring.

#### **2.1.3 Hydrogen**

Vestlandsrådet har vore engasjert i hydrogen som energiberar sidan 2016. På møtet i Vestlandsrådet, 10.september 2020, understreka rådet betydningen med å legge til rette for hydrogen som drivstoffkjelde for tunge køyretøy og snøggåtar, og ba om at Vestland fylkeskommune initierte ei vurdering av vidareføring av prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» som eit samarbeid mellom dei tre fylkeskommunane. Fylkeskommunane avklarar fordeling av administrative ressursar og prosjekt-finansiering.

#### **2.1.4 Database for økonomiske nøkkeltal for Vestlandet**

Vestlandsrådet vedtok i 2019 at det skulle settast i gang eit arbeid for å framskaffe, kvalitetssikre og formidle detaljerte næringsdata, ikkje berre for utvalde næringar, men for heile næringslivet på Vestlandet. Målsetnaden for prosjektet er ein kvalitetssikra database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemder på Vestlandet som kartlegg alle delar av næringslivet i fylket og følgjer utviklinga over tid. Samanliknbare tal for resten av landet vil også bli produsert. Databasen skal bidra til kunnskapsbasert næringsutvikling på både kommunalt og regionalt nivå og vere ein portal for næringsklyngene, media, academia og andre som søker oppdatert, kvalitetssikra informasjon om næringslivet på Vestlandet.



Vestlandsrådet vedtok, 25.juni 2020, eit løysingsforslag til etablering av ein slik database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemdar på Vestlandet med moglegheit for geografisk og næringsmessig aggregering. Samstundes vedtok Vestlandsrådet å be Vestland fylkeskommune invitere dei andre fylkeskommunane til eit samarbeid om eventuell etablering og drift av ein slik database, der intern ressursbruk og fordeling av kostnader vert nærare avklart.

## **2.2 Overordna næringsstrategi for Vestlandet**

På møte i Vestlandsrådet, 25.mai 2020, vart det vedteke ein uttale om tiltak for framtidig næringsutvikling og sysselsetting på Vestlandet inn mot revidert nasjonalbudsjett 2020. Her vart det m.a teke til orde for at Vestlandsrådet ville sette av ressursar til å greie ut mål, strategiar og tiltak for å skape ny vekst på Vestlandet. Gjennom eit slikt arbeid vil Vestlandsrådet mobilisere bransjar, organisasjonar, etatar, kommunar osv, for å avklare retning og tiltak i det vidare omstillingsarbeidet for deler av næringslivet på Vestlandet.

På møtet i Vestlandsrådet, 10.september 2020, vart det m.a. vedteke å sette av kr 500.000,- til det vidare arbeidet med ein overordna næringsstrategi for Vestlandet. På det etterfølgjande rådsmøtet, 11.november 2020, vart endeleg mandat og organisering av prosjektarbeidet godkjent. Status for arbeidet vert rapportert til Vestlandsrådet om lag midt i perioden fram mot levering juni 2021.

## **2.3 Politisk plattform for Vestlandsrådet 2021-2023**

Etter kommune- og fylkestingsvalet 2019, vart det inneverande Vestlandsrådet konstituert på sitt første møte, 15.april 2020. På møtet i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, vart det handsama sak om å tydeleggjere Vestlandsrådet si rolle som samarbeidsorgan for samordning av politisk innsats, etablering av samhandlingsarenaer, og kunnskapsdeling på tvers av fylkesgrensene. Det vart vedteke å be arbeidsutvalet (AU) legge fram forslag til politiske satsingsområder for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023. På møte i Vestlandsrådet, 11.november vart følgjande politiske plattform for Vestlandsrådet 2020-2023 vedteke;

*«Vestlandsrådet er danna for å styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt, og utgjer ei politisk kraft som er sterkare enn den dei deltakande fylkeskommunane er kvar for seg. Fylka på Vestlandet har mange felles muligheiter og utfordringar. Vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet, for å utnytte felles muligheiter og for å løyse våre felles utfordringar.*

*Fylka på Vestlandet har eit framtidsretta næringsliv basert på ressursane i havet og stor aktivitet langs kysten. Vi har bysentra som viser stor vekstkraft og som er viktige for omliggjande kommunar. Store område på Vestlandet er likevel prega av tilbakegang i folketal og sysselsetting. Naturen gir oss mulegheiter, men utgjer også hindringar for å få effektive samband, t.d. nord-sør. Vestlandsrådet skal heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet, og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt.*

*Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom arbeidet i Vestlandsrådet:*

- *Koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen*
- *Fremme politiske saker av felles interesse*

- *Aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka*
- *Skape samhandlingsarenaer på Vestlandet*
- *Ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene*
- *Støtte tiltak som fremjar felles identitet og kultur*
- *Ha ei aktiv rolle i å koordinere saker relatert til Nordsjøregionen som har betydning for Vestlandet*

*Vestlandsrådet er eit konsensusorgan og skal så langt råd fremje politiske fellesprosjekt som det særleg skal arbeidast med på ein systematisk måte for å bidra til politikkkutforming, til å fremje utvikling på Vestlandet og å setje sentrale saker på dagsorden.*

*Vestlandsrådet skal særleg gjennom AU ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp gjennom nye tiltak og prosjekt. Vestlandsrådet skal og ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.*

*Dei største byane i kvart fylke, Bergen, Stavanger og Ålesund får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett. Vestlandsrådet skal finne ei form og ein innretning på sitt arbeid som gjev storbyane ein vinst ved å delta aktivt inn mot Vestlandsrådet.*

*Vestlandsrådet skal aktivt koordinere aktuelle politiske spørsmål og saker relatert til Nordsjøregionen, og ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet gjennom engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA.*

*Vestlandsrådet har særleg innanfor følgjande saksområde ambisjonar om å påverke samfunnsutviklinga på Vestlandet:*

## **1. VERDISKAPING OG SYSSELSETTING**

*Vestlandet er eit av europas mest ressursrike områder og Norges skattkammer. Både gjennom olje-og gassutvinninga og øvrig eksportretta næringsverksemd bidreg Vestlandet til betydelege inntekter til nasjonaløkonomien. Landsdelen har store muligheter for vidare utvikling og innovasjon, men også utfordringar med omstilling og etablering av nye næringar når aktiviteten i olje- og gassverksemda gradvis vert lågare.*

*Vestlandsrådet vil innrette sitt arbeid innanfor verdiskaping og sysselsetting mot;*

- *Det blå skiftet - utvikling og innovasjon innanfor marin og maritim næring*
- *Det grønne skiftet – innovasjon og teknologiutvikling i næringslivet, inkludert utvikling av nye energikjelder som hydrogen og havvind*
- *Reiselivsskiftet – turisme og opplevingar med minst mogleg miljø- og klimaavtrykk*

## **2. SAMFERDSLE OG KOMMUNIKASJONAR**

*Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping i dei tre vestlandsfylka. Betring av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i.*

Vestlandsrådet vil difor arbeide for effektive og klimavenlege transportløyningar både internt på Vestlandet og mot resten av landet og mot utlandet.

Vestlandsrådet rettar innan samferdsle sitt hovudfokus mot:

- Nasjonal satsing og prioritering av ferjefri og opprusta E39 Kristiansand-Trondheim som hovedsamband nord-sør på Vestlandet.
- Styrka finansiering av ferjedrifta, inkludert kompensasjonsordning for modernisering og utsleppsreduksjon i ferje- og snøggåtdrifta.
- Sikre økonomiske rammer til å ta att vedlikehaldsetterslepet og innfri tunnelsikkerheitsforskrifta på fylkesvegnettet.
- Auka statleg satsing på rassikring. Rasfaren er ei stor utfordring på vestlandsvegane, og all offentleg veg må vere rassikra innan 2030.
- Styrke rammevilkåra for godstransport med nærskipsturt langs hamner på Vestlandet.
- Medverke til utvikling av FOT-rutene og arbeide for ein nullutslepps luftfart.

### 3.0 Uttalar frå Vestlandsrådet

Oppsettet under viser uttalar som Vestlandsrådet har vedteke i 2020, og oversendt aktuelle sentrale beslutningstakarar i regjering og Storting;

Sak	Vedtak Vestlandsrådet	Vedtak AU
Nasjonal transportplan 2022-2033	20.mai 2020	
Fordeling av norske Interreg-midler		12.juni 2020
Insentivpakke for nullutsleppsfly	11.november 2020	
Regjeringa sin eksporthandlingsplan	25.juni 2020	
Revidert nasjonalbudsjett 2020	20.mai 2020	
Forsterka krisepakke til olje- og gassnæringa	20.mai 2020	
Statsbudsjett 2021: Vestlandet treng ei leveleg ferje- og snøggåtdfinansiering		21.oktober 2020

### 4.0 Pressemeldingar og kronikk

Det vart sendt ut to pressemeldingar og ein kronikk i 2020 i regi av Vestlandsrådet;

- Vestlandet treng ei leveleg ferje- og snøggåtdfinansiering
- Vestlandsrådet ber statsrådar om hastemøte - bekymra for norske bedrifter etter Brexit
- Norges eksportindustri blør (kronikk)



Summersposten Nyheter Høringstiltak Sport Kultur Meninger E-avis Folk Pod Reportasj... MIDY ID

Kronikk

## «Norges eksportindustri blør»

Forhandlingane om statsbudsjettet for 2021 er inne i siste fase, og fylka på Vestlandet har ei sterk oppmoding til regjering og Storting: Sørg for at landet sin viktigaste verdiskapingsregion kan fortsette å skape verdiar og inntekter som kjem heile landet til gode.

Skrevet av Fylkesordforar  
Marianne Chesak, Rogaland.  
Fylkesordforar Jon Askeland,  
Vestland. Fylkesordforar Tove-  
Lise Torve, Møre og Romsdal

PUBLISERT: 16. JUNI 2020 KL 17:00

## 5.0 Økonomi og rekneskap 2020

Alle dei tre fylkeskommunane yter ein like stor sum kvar til drifta av rådet. For 2020 er det fylkeskommunale driftstilskotet sett til kr 600.000,-. På møtet i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, vart det vedteke budsjett for Vestlandsrådet for 2020.

Oppsettet under viser rekneskapen for Vestlandsrådet 2020;

### Vestlandsrådet 2020

	Inntekter	Utgifter
Kontingent ( kr 600.000,- x 3)	1 800 000	
Overførte midler fra tidligere år	486 610	
Sekretariat for Vestlandsrådet		1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet		19 648
Gave til NORA sin komite		3 353
Heimeside Origin		44 103
Konsulentonorar		63 300
NORA - årlig medlemsavgift		145 123
	2 286 610	1 275 527
Rest		1 011 083
	2 286 610	2 286 610

Som følge av at møtene i Vestlandsrådet er gjennomført som fjernmøter, er dei budsjetterte utgiftene til politiske møter betydeleg redusert. I sum viser rekneskapen eit overskot på om lag kr 109 500,- i høve til budsjettet for 2020. Etter rekneskapsåret 2020 har Vestlandsrådet dermed udisponerte midlar på kr 1 011 083,- som vert lagt inn i budsjettet for 2021.

Saksbehandlar:  
Dagfinn Aasen  
Sekretariatsleiar

## VR-sak 3-2021 Rekneskap for 2020

### Saksutgreiing:

Følgjande rekneskap for 2020 er motteke frå Vestland fylkeskommune:

#### Vestlandsrådet 2020

	Inntekter	Utgifter
Kontingent (kr. 600 000,- x 3)	1 800 000	
Overførte midler fra tidligere år	486 610	
Sekretariat for Vestlandsrådet		1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet		19 648
Gave til NORA sin komite		3 353
Heimeside Origin		44 103
Konsulent		63 300
NORA - årlig medlemsavgift		145 123
	<hr/>	<hr/>
	2 286 610	1 275 527
Rest		1 011 083
	<hr/>	<hr/>
	2 286 610	2 286 610

Konsulentthororar (kr. 63 300) har gått til Menon Economics (vestlandet i statsbudsjettforslag 2021) og Wikos AS (kronikkbistand).

Ubrukt beløp på kr. 1 011 083 blir overført til Vestlandsrådets disposisjon for 2021.

### Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Rekneskap 2020 for Vestlandsrådet godkjennes.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

## VR-sak 4-2021 Budsjett for Vestlandsrådet 2021

### Saksutgreiing:

Budsjettopplegget for Vestlandsrådet varierer lite frå det eine året til det andre. Inntektsgrunnlaget er dei årlege løyvingane frå fylkeskommunane på kr. 600 000 kvar, til saman kr. 1 800 000. I tillegg kjem eventuelle overføringar frå rekneskapen året før.

I budsjettsaka for 2020 skreiv fylkesrådmannen i Vestland følgande:

«Fylkesrådmannen viser til samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet der det er nedfelt at samarbeid om enkeltprosjekt i hovudsak skal gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylka. Vidareføring av enkeltprosjekta som Vestlandsrådet tidlegare har gitt økonomisk støtte til i 2019 er derfor foreslått vidareført og finansiert i eit prosjektsamarbeid mellom medlemsfylka. Det er derfor ikkje ført opp midlar på budsjettet til Vestlandsrådet i 2020 til gjennomføring av enkeltprosjekt.

Over fleire år har det vore vanleg praksis at Vestlandsrådet i fellesskap finansierer ei full stilling som sekretariatsleiar. Dette betyr at fylket som har leiarskapet, stiller til disposisjon nødvendig personellressurs for nye arbeidsoppgåver med Vestlandsrådet, og får dette kompensert over budsjettet til Vestlandsrådet. I tillegg kjem reise- og opphaldsutgifter for sekretariatsleiararen. Det er sett av ein post til disposisjon i 2020, for å dekke m.a. møter, konferansar, konsulentkjøp, osv.

Same tilnærming vil gjelde også for 2021.

Rekneskapen for 2020 viser at kr. 1 011 610,00 blir overført frå Vestland til Møre og Romsdal fylkeskommune. Med same kontingent blir samla inntekter i 2021 kr. 2 811 610.

Møte- og reiseutgifter blir foreslått redusert som følgje av koronaen og at møtegjennomføring i stor grad vil skje digitalt. Det er å håpe at fysiske møter for Vestlandsrådet kan gjennomførast hausten 2021.

Heimesida til Vestlandsrådet er gammal; ho har stort sett vore uforandra frå oppstarten av Vestlandsrådet i 2003, og må oppgraderast. Selskapet Origin AS har vore samarbeidspart sidan oppstarten.

Fordelar med eit nytt system vil m.a. vere:

- sekretariatet kan få ein redaktørrolle på nettsida, som betyr enklare oppdatering og ei heimeside som er ajour til ei kvar tid
- betre kompatibilitet med fleire plattformer (t.d. mobil og nettbrett)
- lågare kostnader på lengre sikt, da IT-selskapet kun står for driften av server

Sekretariatet vil – i samarbeid med fylkeskommunane – arbeide vidare for å få ei betre heimeside så raskt som muleg i 2021. Kostnadmessig kan dette truleg ligge rundt 100-150.000 kr. Det foreslås å løyve inntil kr. 150 000 til dette arbeidet.

Vestlandsrådet vedtok i møte 10. september 2020 å løyve inntil kr. 500 000 til prosessen med å utvikle Næringsstrategi for Vestlandet. Dette er lagt inn i budsjettforslaget

**Fylkeskommunedirektøren tilrår at følgande budsjett blir vedtatt for Vestlandsrådet for 2021:**

BUDSJETT	Budsjett 2020 Inntekter	Budsjett 2020 Utgifter	<b>Budsjett 2021 Inntekter</b>	<b>Budsjett 2021 Utgifter</b>
Kontingent frå fylkeskommunene	1 800 000		<b>1 800 000</b>	
Overførte midlar frå tidlegare år	486 610		<b>1 011 083</b>	
Sekretariat (honorar), reiseutgifter, kontorutgifter, og Fylkeskommunale utgifter		1 000 000		<b>1 000 000</b>
Møteutgifter Vestlandsrådet og Arbeidsutval		200 000		<b>150 000</b>
Heimeside, løpande drift – Origin AS		50 000		<b>50 000</b>
Ny heimeside				<b>150 000</b>
NORA - fast årleg medlemsavgift		135 000		<b>135 000</b>
Næringsstrategi for Vestlandet				<b>500 000</b>
Til disposisjon		901 610		<b>826 083</b>
Sum	2 286 610	2 286 610	<b>2 811 083</b>	<b>2 811 083</b>

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

**VR-sak 5-2021            Næringsstrategi for Vestlandet – organisering av styringsgruppe og prosessleing**

**Saksutgreiing:**

Vestlandsrådet har i løpet av 2020 fatta fleire vedtak knytta til utvikling av ein næringsstrategi for Vestlandet. Målet er m.a. uttrykt slik:

«Næringsstrategien skal tene som ein plattform for å hevde felles standpunkt frå vestlandsfylka i samtalen med nasjonale styresmakter. Strategien skal bygge på regionale planer og relevante strategiar i fylka. Saker som skil fylka, eller der dei er usamde om vektlegging og framgangsmåte, vert å handsame og fremje i det enkelte fylke».

..

«Prosjektet skal levere forslag til mål, strategiar og tiltak for utvikling av næringslivet på Vestlandet med utgangspunkt i dei analysar som ligg føre i planarbeidet i vestlandsfylka. Strategiar og tiltak må svare til «hovudinnretning på arbeidet» i dette mandatet. Hovudfokus skal vere på «den store omstillinga».

..

«Vestlandsrådet har i fleire møte drøfta utfordringane med «den store omstillinga», og gjorde slikt vedtak i møte 10. september 2020:

1. Vestlandsrådet stiller seg bak det skisserte opplegget for organisering og framdrift i arbeidet med ein overordna næringsstrategi for Vestlandet.

2. Vestlandsrådet peiker ut følgjande rådsmedlemer i styringsgruppa for arbeidet:

- Tore Andre Ljosland
- Solveig Ege Tengedal
- Per Vidar Kjølmoen

3. Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit forprosjekt for avklaring av mandat for vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet, og at dette vert lagt fram for handsaming i Vestlandsrådet.

4. Vestlandsrådet nyttar inntil kr 500.000 av egne midlar til arbeidet med overordna næringsstrategi for Vestlandet».

I møte 11.11.2020 fatta Vestlandsrådet følgjande vedtak om mandat og styringsgruppe:



1. Vestlandsrådet godkjenner mandat og gruppesamansetning slik det går fram av saka.
2. Status for arbeidet vert rapportert til Vestlandsrådet om lag midt i perioden fram mot levering 1. juni 2021.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere dei siste justeringar av detaljar i mandat og gruppesamansetning dersom dette blir naudsynt. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å lyse ut og engasjere sekretariat i tråd med gjeldande innkjøpslovgjeving.

Det har i regi av Vestland fylkeskommune vore gjennomført anbodskonkurranse om konsulentbistand i det vidare arbeidet med næringsstrategien. Fire tilbydarar meldte seg. I konklusjonen vedr. val av tilbydar heiter det (utdrag):

Etter evaluering av tilboda er vi komne til at kontrakten skal tildelast PricewaterhouseCoopers AS (PwC).

Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve tilbodet med det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande tildelingskriterium:

Kriterium	Prioritet/vekt
Framlegg til løysing av oppdraget, særleg sluttrapport	50 %
Erfaring frå tidlegare relevante oppdrag, referansar	25 %
Timepris	25 %

Vi vil i det følgjande grunngje valet av leverandør i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar.

#### **Vinnande tilbydar:**

PricewaterhouseCoopers AS (PwC) står fram med det tydelegaste tilbodet, og svarar etter vår vurdering best på dei punkta som er nemnde i mandatet og konkurransegrunnlaget. Særskilt gjeld dette at den gjennomgåande metodikken i framlegget er entreprenørielle oppdagingsreiser og annan metodikk innan Smart spesialisering. Dokumentet tyder på at dei har forstått oppdraget på ein god måte. PwC har relevante referanseprosjekt, og syner at dei kjenner til kva næringar som har sterkast posisjon på Vestlandet. Saman med FNs bærekraftsmål danner dette eit utgangspunkt for metodar som skal fremje utvikling og vekst i regionen. Tilbodsdocumentet ber preg av grundig forarbeid. Vi set også pris på at tilbodet eksplisitt nemner at strategien må tilpassast globale megatrender og utvikling i lys av covid-19.

I møte 12. februar 2021 mellom dei tre oppnevnte rådsmedlemmane frå Vestlandsrådet og administrasjonen vart Per Vidar Kjølmoen, Møre og Romsdal, vald til leiar i styringsgruppa. Som nestleiar vart vald Solveig Ege Tengesdal, Rogaland.

Dei formelle sidene nevnt ovanfor ved prosjektet og prosessen «Næringsstrategi for Vestlandet» er med dette avklara. Det er eit omfattande arbeid som skal gjerast fram mot sommaren. Arbeidsutvalet vil følgje prosessen nøye, og Vestlandsrådet vil bli informert i møta framover.

Vestlandsrådet skal ha møte 19. mai, men det vil vere naturleg at rådet har eit ekstraordinært møte i slutten av juni, når prosjektperioden er avslutta.

**Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgande forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet tek saka om «Næringsstrategi for Vestlandet – organisering av styringsgruppe og prosessleiing» til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

## VR-sak 6-2021 Rapport frå arbeid i AU hittil i år

### Saksutgreiing:

Etter siste møte i Vestlandsrådet 11.11.2020 har det vore to møter i AU: 14/12 2020 og 2/2 2021.

### AU Møte 14. desember 2020

Referat frå møtet følgjer som vedlegg 1.

### AU Møte 2. februar 2021:

**Dette møtet handla om i all hovedsak om konsekvensane for Vestlandet som følgje av Brexit, og oppfølging overfor aktuelle departement.**

I brev datert 18. desember 2020 ba fylkesordførarane om eit snarleg møte med utanriksminister, næringsminister og fiskeriminister om «aktuelle Brexit-konsekvensar og avbøtande tiltak for det eksportretta næringslivet på Vestlandet».

Vedlegg 2: Brev datert 18.12.2020.

Møtet med departementa vart halde 18. januar 2021.

Vedlegg 3: Notat etter møtet.

Etter dette møtet vedtok AU følgande:

*AU beslutta følgande oppfølging:*

- 1. AU er nøgd med møtet 18.1.2021 med NFD og UD. AU ber om at det blir skrive ein kronikk om møtet 18.januar 2021 og om vidare oppfølging av Brexit, basert på brevet frå VR 18.12.2020, bakgrunnsnotatet datert 11.1.2021 og pressemeldinga.*
- 2. Som oppfølging blir også NHO i fylka inviterte til eit møte (teams) med AU den 24. februar 2021. NHO kan invitere med seg representantar frå sjømatnæringa/marin sektor, el.l.*

Vedlegg 4: Kronikk.

**Følgande møteplan for AU i 2021 vart vedteke:**

- 2. februar
- 16. mars
- 4. mai
- 10. juni
- 18. august
- 5. oktober
- 11. november
- 21. desember. Dersom dette møtet må utgå, blir alternativ dato 6.1.2022

Alle AU-møter startar kl. 10.00, varer max 1 time og er digitale (teams).

Dersom spesielle situasjonar eller saker oppstår er AU budd på ekstraordinære møter. Oppsette møter kan utgå dersom det er få eller ingen spesielle ting til drøfting eller behandling.

**Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

Notat

---

**Saksnr:** 2020/36935-39  
**Saksbehandlar** Thorbjørn Aarethun  
**Dato:** 06.01.2021

---

## Referat frå møte i Vestlandsrådet AU, 14. desember 2020

### Tilstades:

Jon Askeland, leiar, Vestland fylkeskommune  
Marianne Chesak, Rogaland fylkeskommune  
Tove-Lise Torve, Møre og Romsdal fylkeskommune

### Administrasjon:

Rune Haugsdal, Vestland  
Inge Smith Dokken, Rogaland  
Ottar Brage Guttelvik, Møre og Romsdal  
Dagfinn Åsen, Møre og Romsdal  
Robert Løvik, Møre og Romsdal  
Thorbjørn Aarethun, Vestland

## Saker

### **Sak 21/2020 Skifte av politisk og administrativ leiing i Vestlandsrådet 2021 – kort tilbakemelding på året 2020 og presentasjon av nytt sekretariat.**

Kort runde blant fylkesordførarane om erfaringar og tilbakemelding på året 2020 i Vestlandsrådet. Vart peikt på korona som særskilt utfordrande for eit organ som Vestlandsrådet. Tove-Lise presenterte nytt sekretariat frå 1.1.2021, med Møre og Romsdal som leiarfylke for Vestlandsrådet i 2021.

### **Sak 22/2020 Møteplan for Vestlandsrådet 2021**

Følgjande møteplan for Vestlandsrådet 2021 vart fastsett;

- 25. februar
- 20. mai
- 03.september
- 26.november

### **Sak 23/2020 Møteplan for arbeidsutvalet – møtefrekvens og innhald**

Arbeidsutvalet sin rolle og møtefrekvens vart drøfta. Sekretariatet får i oppgåve å legge fram forslag til faste møtetidspunkt for arbeidsutvalet.

### **Sak 24/2020 Tema og innhald i neste møte i Vestlandsrådet**

Framleis oppfølging av konsekvensar av koronasituasjonen for næringslivet og Nasjonal transportplan vart peikt på som aktuelle tema for neste møte i Vestlandsrådet.

# Vestlandsrådet

---

**Vår referanse** 2020/36935-34  
**Dato** 18.12.2020

---

Utanriksminister Ine Eriksen Søreide  
Næringsminister Iselin Nybø  
Fiskeriminister Odd Emil Ingebrigtsen

Vestlandsrådet ber om eit snarleg møte om Brexit

**Ordførarane på Vestlandet ber om eit snarleg møte for å drøfte aktuelle brexit-konsekvensar og avbøtande tiltak for det eksportretta næringslivet på Vestlandet.**

Det er stor usikkerheit hos bedrifter i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal knytt til konsekvensar for næringslivet og etablerte leveransekjeder, i siste forhandlingsrunde mellom EU og Storbritannia om Brexit.

Ein tysk studie utført av Bertelsmann Stiftung, gjengitt i Financial Times har sett på konsekvensar av Brexit for ulike regioner i Europa. Vestlandet framstår i denne studien som ein av dei regionene som i størst grad vil merke ein hard Brexit.

For oljeserviceindustrien vil det spesielt vere moglege forsinkelsar innanfor dei etablerte produksjons- og leveransekjedene, samt manglende evne til å betjene kundar med korte tidsfristar som utgjer den største bekymringen. Det er også usikkert om norske offshorefartøyer framleis vil kunne operere i britisk sektor. Desse fartøya har rundt halvparten av sine oppdrag i britisk sektor i dag, og rederia representerer nøkkelbedrifter i sine lokalsamfunn på Vestlandet.

Storbritannia er Norges fjerde største marknad for sjømat, og SSB sin statistikk viser at Norge eksporterte 200.000 tonn sjømat til en verdi av 5,8 mrd.kr i 2018 til denne marknaden. For denne næringa er distribusjons- og leveransebetingelsane heilt avgjerende for å kunne nå fram til marknaden med ferske høgkvalitetsprodukt. Dersom det ikkje vert semje mellom Storbritannia og EU, kan både fiskeflåten, fiskemottaka, fiskeforedling og industrien som leverer utstyr til fiskerisektoren få store utfordringar med å oppretthalde dagens aktivitet.

Som moglege konsekvensar av Brexit oppstår det usikkerheit og bekymringar rundt;

- Tollkrav og behovet for nye tollbehandlingsrutinar knytt til onshore-aktiviteter
- Dokumentasjonskrav knytt til standarder & produkter, og behov for nye

- godkjenningsprosedyrar av produkt og tenester.
- Forsinkelsar knytt til logistikk og mottak i havneområder
- Sakshandsamingstid i UDI og politiet etter 1.januar 2021, av opphaldsløyve for britiske borgarar som arbeidstakarar i norske verksemder

Vi ser fram til ei rask og positiv tilbakemelding på førespurnaden om eit snarleg møte med dei aktuelle statsrådene for å drøfte konsekvensar og avbøtande tiltak for det eksportretta næringslivet på Vestlandet når brexit-forhandlingane mellom Storbritannia og EU om no vert slutført.

Med helsing

Marianne Chesak  
Fylkesordførar i Rogaland

Jon Askeland  
Fylkesordførar i Vestland

Tove-Lise Torve  
Fylkesordførar i Møre og  
Romsdal

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*



Notat

**Møte mellom Vestlandsrådet v/Arbeidsutvalet og Utanriksdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet 18. januar 2021**

Tema for møtet:

**Brexit-konsekvensar for Vestlandet**

Møteform: Skype

**Deltakarar NFD**

- Lucie Katrine Sunde-Eidem, statssekretær (næring)
- Trine Danielsen, statssekretær (fiskeri)
- Ove Christian Owe, forhandlingsleder frihandelsavtalen med Storbritannia, Handelspolitisk avdeling
- Erik Andreas Underland, fagdirektør, talsmann for tjenesteforhandlingene med Storbritannia, Handelspolitisk avdeling
- Lotte Leming Rognsås, seniorrådgiver, Handelspolitisk avdeling, sjømatseksjonen

**Deltakarar UD**

- Audun Halvorsen, statssekretær
- Siri Sletner, underdirektør, brexit-teamet

Deltakarar Vestlandsrådet v/Arbeidsutvalet

- Tove-Lise Torve (leiar)
- Jon Askeland
- Marianne Chesak

Administrativ leiing i fylkeskommunane

- Ottar Brage Guttelvik
- Inge Smith Dokken

Deltakarar frå administrasjonen

- Charlotte Sørås, Rogaland
- Birgit Aarønes, Møre og Romsdal

**Sekretariatet**

- Dagfinn Aasen
- Christian T. Aasen

Møtet kom i stand etter initiativ frå Vestlandsrådet, i og med at Brexit og forhandlingane vil ha stor betydning for Vestlandet.

Bakgrunnsdokument utarbeidd av Vestlandsrådet:

- 1 Brev datert 18.12.2020 frå Vestlandsrådet v/Jon Askeland, til utenriksminister, næringsminister og fiskeriminister, der ein ber om eit snarleg møte om Brexit
- 2 Notat datert 11.01.2021: «Vestlandet og konsekvensar av britisk utmelding av EU og EØS», Geir Sør-Reime

Ut frå bakgrunnsdokumenta var det frå departementa si side lagt opp til følgande agenda for møtet (sitat):

- a) *Fortgang i forhandlingene om avtale om tjenesteeksport*
- b) *Status forhandlingene om fiskerettigheter*
- c) *Eksport av sjømat til Storbritannia*
- d) *Ønske om kompensasjonsordning og omstillingsmidler for bedrifter som blir særlig hardt rammet av brexit*

Arbeidsutvalet innleia og ga tydeleg uttrykk for utfordringane Vestlandet står overfor, og poengterte at forhandlingsresultata vil ha stor innverknad på næringsliv, sysselsetting, mv. for heile Vestlandet. Av moment som AU tok opp kan nemnast:

- Teneste- og personellflyt. Auka byråkrati/barrierer?
- Utdanning og studier i Storbritannia.
- Godkjenning av utdanning gjort i Norge
- Mulegheitene for å få ein betre avtale enn det som inntil no har vore gjennom EØS? Serleg m.o.t. tenesteeksport og betingelsar/tollsatsar for foredla fisk
- Sterkt ønskje frå fylka og bedrifter om å bli heldt godt informert
- Mulegheiter for auka eksport
- Eventuelle kompensasjonsordningar for næringar/bedrifter

Departementa kommenterte desse og andre innspel, og ga uttrykk for m.a.:

#### Tenester

- Høgt prioritert i forhandlingane
- Må være førebudd på dårlegare betingelsar enn før. Det kan tolkast ut frå avtalen mellom UK og EU
- Vanskeleg med bindande avtalar over fleire år
- Utdanning/yrkeskvalifikasjonar må godkjennast av UK

#### Fiskerettigheter

- Må takast opp bilateralt
- Liten eller ingen tilgang til britiske farvatn før ein avtale er på plass

#### Eksport av sjømat

- Auka eksport høgt prioritert i forhandlingane
- UK med nye importkrav f.o.m 1. april 2021
- Veterinærkontroll f.o.m 1. juli 2021

- Norsk side ønskjer å forenkle kvotesystemet og tollsatsane

#### Kompensasjonsordning

- EU har ei kompensasjonsordning
- Bedrifter i Norge må sjølv førebu seg på omleggingar
- Kompensasjonsordning ikkje etterlyst i Norge, men er noko ein vil komme attende til

#### Framdrift i forhandlingane

- Trur på ein endeleg avtale i løpet av året.

Dialogen i møtet var god, og gjennom m.a. dette møtet er det etablert god kontakt mellom Vestlandsrådet og sentrale aktørar i dei aktuelle departementa.

Ref. v/

Dagfinn Aasen  
Sekretariatsleiar

## Vestlandsrådet arbeider for interessene til næringslivet etter Brexit

**Brexit-avtalen mellom EU og Storbritannia var på plass rett før jul. EFTA/Noreg og Storbritannia forhandlar no om det permanente avtaleverket som skal regulere handelen mellom landa etter Brexit. Vestlandsrådet arbeider for at interessene til dei eksportretta næringane på Vestlandet blir ivare tatt i desse forhandlingane.**

Politikarane i Vestlandsrådet har lenge vore uroa for konsekvensane for enkelte næringar på Vestlandet i samband med Brexit, og fekk derfor i stand eit møte med Nærings- og Fiskeridepartementet og Utanriksdepartementet 18. januar i år. I møtet peika rådet på utfordringane og interessene til eksportnæringane på Vestlandet. Representantane for politisk leiing og administrasjonen i departementa orienterte om status i forhandlingane, og kunne ikkje gi noko konkrete løfte, men understreka at dei er godt kjent med utfordringane. Vestlandsrådet har no etablert dialog med departementa og vil følgje opp saka framover.

Storbritannia er ein av dei viktigaste handelspartnarane til Noreg. Nærare halvparten av verdien av vareeksporten frå fastlands-Noreg til Storbritannia kjem frå Vestlandet (kjelde: SSB 2017), og olje- og gasssektoren representerer store verdiar..

Vestlandsrådet har sidan 2017 engasjert seg for å vere oppdatert om moglege konsekvensar av Brexit for næringslivet på Vestlandet. Rådet har delteke i ei kartlegging av konsekvensane saman med regionane rundt Nordsjøen i regi av Nordsjøkommisjonen, og orienterte allereie i 2018 næringsministeren om kor viktig Storbritannia er som marknad for Vestlandet og moglege følgjer av Brexit.

## Vestlandsrådet er særleg opptatt av desse utfordringane:

### - **Ny avtale om tenesteeksport**

For vestlandsfylka er tenesteeksporten særskild viktig. Særleg levering av ulike offshoretjenester til Storbritannia er heilt sentrale for mange lokalsamfunn langs kysten. Rundt halvparten av oppdraga til norske offshorefartøy er i britiske sektor, og representerer store verdiar. I tillegg sysselsett oljeserviceindustrien mange tilsette med oppdrag i Storbritannia og på britisk sektor.

EU og Storbritannia har ikkje blitt einige om ein avtale om eksport av tenester. Noreg har heller ikkje nokon avtale med Storbritannia om dette. EFTA og Storbritannia er samde om at vilkåra i EØS-avtalen som gir norske aktørar full tilgang til den britiske innanriksmarknaden ikkje skal endrast medan forhandlingane om ein permanent avtale går føre seg. For Vestlandsrådet er det viktig at regjeringa arbeider for at vilkåra i så stor grad som mogleg skal oppretthaldast i ein permanent avtale, og at det så snart som mogleg kjem på plass ein avtale som kan skape gode og klare rammer for næringslivet.

Det er uansett sannsynleg at det vil bli meir restriktive ordningar for arbeidsimmigrasjon frå EU/EØS-landa, og næringslivet må førebu seg på endringar i flyten av arbeidskraft mellom Noreg og Storbritannia.

### - **Forvaltning av felles fiskeressursar i Nordsjøen**

For fiskeri vart det i fjor inngått ein rammeavtale om fiskerisamarbeid med Storbritannia. Avtalen opnar for bytte av fiskekvotar og at fiskarane kan fiske i kvarandre sine sonar. Det er likevel dei årlege fiskeriavtalane mellom Noreg, EU og Storbritannia, som gir nærare innhald om fordeling av kvoter og soneadgang. Forhandlingane om dette begynte tidleg i januar.

Vestlandsrådet har spesielt understreka for regjeringa kor viktig tilgangen til britisk sone er for fiskeflåten på Vestlandet, og at fiskarane på Vestlandet også framover må få moglegheit til å fiske i britisk sone.

- **Eksport av sjømat og marknadsadgang**

Storbritannia er den femte største marknaden for norsk sjømat. Den midlertidige avtalen mellom EFTA/Noreg og Storbritannia vidarefører i all hovudsak systemet frå EØS-avtalen. Dette gir Noreg tollfrie kvoter og tollsatsar på sjømat, særleg på foredla sjømatprodukt og til ein viss grad på råfisk. Brexit gir Noreg og Storbritannia ei unik moglegheit til å forhandle fram ein frihandelsavtale med betre ordningar for norske sjømateksport, som auka kvoter og låge tollsatsar på sjømat og foredla produkt. Dette vil bidra til ei meir konkurransedyktig sjømatnæring i Noreg og på Vestlandet.

- **Kompensasjonsordning og omstillingsmidlar for bedrifter som blir særleg hardt ramma av Brexit**

EU har innført ei ordning som har som oppgåve å støtte regionar/område som blir særleg hardt ramma av Brexit («Brexit Adjustment Reserve»). På grunn av gode overgangsordningar ser vi enno ikkje alle effektane av Brexit, men Vestlandsrådet bad regjeringa vurdere ei tilsvarande ordning dersom det viser seg at enkelte regionar og/eller næringar opplever store negative konsekvensar. Vestlandsrådet vil følgje utviklinga, og ta saka opp med departementa dersom det viser seg å vere behov for slike ordningar.

## VR-sak 7-2021 Referatsaker/orienteringssaker

### 1 NTP

Forslag til ny nasjonal transportplan blir lagt fram i mars. Svært mykje av det som har med samferdsel å gjere er viktig for Vestlandet. Sekretariatet har difor vore i kontakt med leiar i Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget Helge Orten om ny NTP kunne vere tema for møtet no den 25. februar. Før komiteen får saka til behandling ville ikkje han, eller nokon andre, kunne seie noko om innhaldet.

Komiteen skal ta til med si behandling av transportplana etter påske. Dersom Vestlandsrådet ønskjer det deltar Helge Orten gjerne i eit møte med Vestlandsrådet eller Arbeidsutvalet. Neste ordinære møte i Vestlandsrådet er 19. mai, så det må i tilfelle bli eit ekstraordinært møte rett over påske, dersom dette skal kunne koordinerast inn med komiteens arbeid.

### 2 Fergefinansiering

Følgjande brev datert 26.10.2020 vart sendt til Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget:

Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget

## Vestlandet treng ei leveleg ferje- og snøggbåtfinansiering

**Fylkeskommunane på Vestlandet vil levere på Stortinget sitt ønske om utsleppsfrie ferjer, men då må løyvingane stå i stil med dei faktiske kostnadene for ei slik satsing. Forslaget til statsbudsjett 2021 legg ikkje opp til å gje fylkeskommunane økonomisk handlingsrom nok til å sikre eit framtidsretta og attraktivt ferjetilbod for trafikantar og næringsliv på Vestlandet utan svært negative konsekvensar for brukarane eller andre fylkeskommunale tenester.**

Hordaland fylkeskommune fekk åleine 300 millionar kroner i auka årlege driftskostnader då dei gjekk over til utsleppsfrie ferjer. I sommar vart ferjefylka tildelt samla 150 millionar på deling. Det hjelper, men det står ikkje i forhold til dei faktiske kostnadane ein her har med å gjere. Dei auka kostnadane med utsleppsfrie ferjer vil koste oss om lag det same kvart år framover. Då må også statsbudsjettet innarbeide eit kompensasjonsopplegg som løyser finansieringsutfordringa for ferjefylka. Også den viktige snøggbåtdrifta langs kysten og i fjordbassenga er under press. Med regjeringa si innføring av det såkalla kystlinjeprinsippet, er Rogaland fylkeskommune no i ein situasjon kor vidareføring av båttrutene i fylket er underfinansiert med 90 millionar kroner.

### Smertefulle salderingar og ferjeopprør

Når dei økonomiske rammene ikkje er tilpassa denne satsinga, vert resultatet høgare takstar eller at det må gjerast smertefulle kutt andre stader for å saldere budsjetta våre. Og det merkast, med dei summene det her er tale om. På grunn av dei auka kostnadene, har det tvinga seg fram høgare billettprisar som utløyser sterke lokale reaksjonar.

I Møre og Romsdal er takstane høgare enn dei bør vere, og konsekvensane for trafikantar og næringsliv i bu- og arbeidsmarknadane er store. Fleire historiar i media fortel om personar som må seie opp jobben eller flytte som ein konsekvens av takstane. Det gjer inntrykk, og for små lokalsamfunn kan slikt vere kritisk. Då kan resultatet bli eit nytt og endå større ferjeopprør enn det vi har sett tidligare.

Vestlandsrådet forventar at forhandlingane om statsbudsjettet for 2021 endar opp med kompensasjonsordningar som gjer at fylkeskommunane får handlingsrom til å levere eit ferje- og snøggbåttilbod i samsvar med krav til reduksjon i klimagassutsleppa og brukarane sine transportbehov. Det er svært uheldig at auka kostnader i dette nødvendige transporttilbodet må salderast med urimeleg takstauke eller kutt i andre viktige fylkeskommunale tenester.

Med helsing  
Jon Askeland  
Leiar i Vestlandsrådet

### **3 Kronikk om m.a. koronasituasjonen**

Kronikken nedanfor var sendt media 9. november 2020.

## **Norges eksportindustri blør**

Forhandlingane om statsbudsjettet for 2021 er inne i siste fase, og fylka på Vestlandet har ei sterk oppmoding til regjering og Storting:

Sørg for at landet sin viktigaste verdiskapingsregion kan fortsette å skape verdiar og inntekter som kjem heile landet til gode.

### **Vestlandet er landets skattkammer**

Vestlandet har eit eksportretta næringsliv, og no ser vi at store deler av marknadene og internasjonal etterspurnad etter tradisjonelle varer og tenester er fråverande. Om målet er å få i gang nødvendig omstilling og innovasjon gjennom offentlege investeringar, er nedgang i statlege investeringar og støtte til næringslivet på Vestlandet feil strategi – ikkje berre for Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal, men for nasjonen Norge. Gjennom sine ressursar, teknologi og arbeidskraft, vil denne landsdelen gjennom omstilling og innovasjon framleis vere landets skattkammer inn i framtida. Dersom vi samanliknar oss med andre industriland, utgjer eksporten frå Norge ein mindre del av BNP – brutto nasjonalprodukt – enn det gjer hjå konkurrentane. Derfor er nasjonaløkonomien og velferdssamfunnet vårt svært avhengig av eksportinntektene som i stor grad vert skapt på Vestlandet.

### **Botnlinja er skrapa**

I forslaget til statsbudsjett for 2021 saknar vi eit samla grep for dei kritiske tilhøva vestnorsk eksportindustri står i. Oljeinvesteringane går ned, den maritime leverandørindustrien og verfta opplever sviktande etterspurnad, og reiselivsverksemdene er anten stengde ned, eller går med svært redusert kapasitet. Dei mange tusen små og store verksemdene treng offentlege vekstimpulsar for å halde butikken gåande og sikre nasjonen eksportinntekter, uansett kor annleis den nye «normalen» vert.

Størst er den akutte krisa i reiselivet og maritime næringar. Offshore-reiarlaga står utan oppdrag og verftsindustrien har tomme ordrebøker. Dette er alarmerande og snart kan vi bli vitne til massiv nedstenging og permitteringar i desse utsette næringane.

For det første må den kortsiktige effekten av korona-pandemien handterast. Den råkar oss direkte og hardt allereie, men vi veit heller ikkje korleis dei langsiktige ringverknadene vil fortone seg. På same tid står næringslivet ovanfor ei pålagt omstilling som fylgje av mål om berekraft og reduksjon i utslepp av klimagassar.

Det som skil krisa frå katastrofen, er at krisa opnar for omstilling og aksjon medan katastrofen set sluttstrek. Vi er ikkje der enno, men vi må få tilbake gründerand og optimisme i næringslivet vårt før det er for seint. Enno er det tid for å gjere noko, til å vise politisk handlekraft og få på plass vekststimulansar som vil gi synlege verknader.

### **I førarsete for omstilling, teknologiutvikling, og innovasjon**



Verftsindustrien er eit godt døme på dei mange eksportretta næringane på vestkysten, som no har kniven på strupen. På rekordtid har mange av verfta klart å snu seg rundt og trekt til seg krevjande kundar med kontrahering av miljøvenlege skip og fartøy med ny teknologi. Dette skapar store verdiar lokalt blant underleverandørar, men samstundes er dei tett knytt til internasjonale verdikjedar. Ta skipsverfta i Ulsteinvik som eit døme: Ved bygginga av "Color Hybrid" vert 46 prosent av innkjøpsverdien levert av norske verksemder. Dei norske leverandørane får både oppdrag og synt seg fram på den internasjonale marknaden. I sum driv dei fram konkurransefortrinn av nasjonal strategisk verdi. Slike framtidretta verksemder må ikkje settast i fare på grunn av eit virus, og manglande tiltak og støtte frå regjering og storting.

### **Tre satsingsområde for økonomisk førstehjelp**

Vestlandsrådet med dei tre vestlandsfylka ser fleire område der det er mogeleg å innrette økonomisk førstehjelp for å oppretthalde næringsaktivitet på Vestlandet gjennom korona-krisa.

Først og fremst må ein ta inn over seg alvoret for viktige deler av næringslivet på Vestlandet som følgje av korona-krisa. Dette gjeld både aktiviteten innanfor olje- og gassutvinninga og eksportnæringar innanfor tradisjonelle varer og tenester. Vi står oppe i ein situasjon der det trengs førstehjelp for å komme oss gjennom den verste krisa. Midlertidige skatte- og avgiftspolitiske tiltak for verksemdene kan bidra til å halde aktivitetsnivået oppe, og medverke til at høgkompetent arbeidskraft på Vestlandet kan utvikle ny berekraftig teknologi og næringsaktivitet når koronakrisa er over. Utan slik hjelp vil det neppe vere særleg mykje att av dette viktige høgkompetente næringslivet når det kjem betre tider og omstilling for alvor skal ta til.

For det andre treng Vestlandet eit solid løft på samferdselsinvesteringane. Mange av dei store og viktige prosjekta er utvikla og planlagt over mange år og vegnettet har eit betydeleg vedlikehalds- etterslep på bruar og tunnelar. I tillegg til dei store vegprosjekta, må og vegnettet til dei store og små verksemdene ute i distrikta utbetrast og rassikrast. No er det investeringsvedtak som må til.

### **Bra for Vestlandet – bra for Norge**

Dei tre fylka på Vestlandet er sterkt fokusert på verdiskaping, lønsemd og utvikling av robuste og berekraftige arbeidsplassar. Vi har føresetnadene i havet, i landskap og energi, og med innbyggjarar og næringsliv som er vant med å ta i eit tak og to når det trengs. Men vi kan ikkje hanskast med økonomiske tyngdelover åleine. Det som trengs no er kortsiktige og midlertidige tiltak for å komme oss gjennom koronakrisa, og vere klar til nyskaping og omstilling, når normalsituasjonen inntreir og olje- og gassnæringa skal fasast ut.

Vi set vår lit til at regjering og Storting gjennom statsbudsjettet for 2021 løfter fram våre tre satsingsområde for økonomisk førstehjelp for næringslivet på Vestlandet, slik at vi unngår katastrofen med omfattande nedstenging, arbeidsløyse og pessimisme.

Gjennom oljeeventyret vart lykkelandet Norge skapt på Vestlandet. No må vi i fellesskap sjå framover mot nye eventyr på Vestlandet, som heile Norge vil nyte godt av.

Vår ambisjon er at Vestlandet på verdsbasis skal bli ein leiande havregion innan marine og maritime næringar, samt den fremste energiregion for utvikling og produksjon av nye energikjelder som hydrogen og havvind.

Vestlandet sitt landskap med fjordar og fjell er ei kjent merkevare for reiseliv og turistar. Gjennom attraktive og berekraftige opplevingar skal Vestlandet framleis vere ein svært etterspurd reiselivsdestinasjon både for innanlandske og utanlandske besøkande.

Fylkesordfører Marianne Chesak, Rogaland

Fylkesordfører Jon Askeland, Vestland

Fylkesordfører Tove-Lise Torve, Møre og Romsdal